

Retting av feil innteikna grense i kart

Bakgrunn

Grunneigarane for gnr 21/1, 21/4, 18/3, 4 og 18/20 i Meland meiner at grensene mellom bruka ved «Brekkanuten» er feil innteikna i karta. Me ønskjer dette retta.

Dokumentasjon

- I skylddelingsforretningen for 18/20 der den blir frådelt 18/3,4 frå 1937 står det:
«Utgangspunkt m. s. med vitne i skiftelinjen mot gr. nr. 21 bruk nr 1 Dale (nedre), følger denne linje i nordlig retning 110 m mot skiftelinjen mot g. nr. 21, br. nr. 4, herifrå i nordaustleg retning, rett opp ei bratt lid om lag 135 m, kryss i berg.»
Grenselinja mellom 21/1 og 18/20 skal med andre ord gå heilt fram til 21/4. På dagens kart har ikkje desse bruka felles grense, og 18/20 når ikkje fram til 21/4.
- Eigar av 21/1 meiner han skal eiga ein trekant på austsida av elva, langs grensa til 18/20. Dette viser ikkje på kartet.
- I utskiftninga for Nedre Dale frå 1900 står grense linja mellom 21/1 og 21/4 beskrive slik:
«...kryss i berg ved kvernhuset, hvor linjen fortsetter mot grensen mot Sagstad og ender»
Her er ikkje oppgitt avstand fram til punktet der grenselinja treffer grensa mot Sagstad.

Me har påvist restane av jernstolper frå gjerde i terrenget mellom 21/1 og 21/4 og mellom 21/4 og 18/3,4. Desse møtes i eit ca 90 graders hjørne. Her meiner me at gjerdet treffer grenselinja mellom 21/1 og 18/20. Det vil sei at alle fire bruka møtes i EITT punkt. Dette punktet er lokalisert som restar av ei jernstang i stein. Punktet ligg 3,5 m horisontalt sør for grensepunkt i dagens kart som indikerer ein knekk i grensa mellom 18/3,4 og 18/20.

Når alle bruka møtes i dette punktet stemmer beskrivelsane me har med at:

- Grenselinja mellom 18/20 og 21/1 stopper der den møter 21/4, jamfør skylddelingsforretningen for 18/20 frå 1937.
- Grenselinja mellom 21/1 og 21/4 stopper der den møter Sagstad.
- 21/1 eig ein trekant på austsida av elva
- Grenselinja mellom 18/3,4 og 18/20 frå kryss i berg på toppen av Brekkanuten skal vera omlag 135 meter ned til den møter 21/4. Kryss i berg blei ikkje funne, men eit omtrentleg mål stemmer godt med 135 meter.

Alle grunneigarane er samde om dette.

Dale, 7.5.2019, Gjermund Dale